

Huset i Bygda

PRESSEMELDING

Kontakt:

Ida Søderstrøm
Ida@ungdomslag
Mob. 93 25 15 85

Noregs Ungdomslag er ein kulturorganisasjon med føremål om å skape engasjement og levande lokalmiljø gjennom folkelege kulturaktivitetar. Organisasjonen vart stifta i 1896, og vi har i dag om lag 13 500 medlemmar og vel 310 lokallag rundt om i heile landet.

Gjennom Huset i Bygda (HiB) arbeidar NU for å løfte dei organisasjonseigde kulturhus som viktige kulturarenaer, og utvikle møtestader og verktøy som kan gjere dei lokale laga til meir kompetente huseigarar. Mellom anna tilbyr vi kurs og rettleiing til organisasjonseigde kulturhus og vi arrangerer hussamlingar og kulturhuskonferansar. Målsettinga er å skape framtidssretta bygg og at kvart enkelt kulturygg skal bli synlegare og sterkare og få endå høgare status. I tillegg er Huset i Bygda viktig kunnskapsleverandør når det gjeld organisasjonseigde kulturhus i Noreg.

VIL HA LYS I ALLE GRENDER


Ein skulle tru at Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane har henta inspirasjon frå Jacob Sande med tanke på at dei no har løyvd «nye» tre millionar kroner til organisasjonen «Huset i Bygda».

-Vi vil ha lys i alle grender, kunne Yngve Thorsen i Sparebankstiftinga orientere om då han inviterte eit femtíta deltagarar til søknadskurs i Samfunnssalen i Dale. Symbolikken frå «Det lyser i stille grender av tindrande ljós i kveld» passa utmerkt til orienteringa om at stiftinga no gjev tre «nye» millionar kroner i rammegåve «Huset i bygda». Eit prosjekt som har som mål å ivareta det bygningsmessige ved dei meir enn 400 lagselgde kulturhusa som finst i Sogn og Fjordane.

HINDRE FORFALL

Frå eigarstiftinga i Sparebanken Sogn og Fjordane i 2019 gjekk inn i eit samarbeid om at «Huset i bygda» skulle organisere gåvetildelingane, har totalt 11,5 millionar kroner blitt tilført dette viktige renoveringsarbeidet i heile Sogn og Fjordane. For i omtrent kvar einaste bygd rundt i fjordafylket finst det slike lokale kulturhus, som har hatt status som anten bedehus, grendahus, samfunnshus eller ungdomshus.

-Det er ingen tvil om at mange av desse husa har stor trøng for bygningsmessige endringar for å forhindre forfall. Dessutan er det mange av desse som ikkje har universell utforming, og i den



Huset i Bygda

samanheng har vi sett av pengar til slikt arbeid på eit fond, kunne Ida Søderstrøm fortelje til eit femtitals deltakarar på samlinga og bad deltakarane bli merksame på søknadsordninga.

FÅ LYS I HUSA

Som organisasjonssekretær i Norges Ungdomslag kunne ho gladeleg orientere om at Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har gjeve heile tre millionar kroner til dette arbeidet berre i 2024.

-No er det opp til eigarane av desse husa å komme seg i søkerposisjon. Dei fleste av desse husa har trong for å bli renoverte med tanke på det bygningsmessige. Berre fantasien set grenser for kva som kan gjerast. Det viktigaste er at husa blir tekne i bruk igjen, sa Søderstrøm og fortalte også om alternative stiftingar/fond som det kan søkjast støtte hos.

-No handlar det berre om å få lys i husa igjen, og gjere dei om til dei samlingsplassane det ein gong var, fortalte Søderstrøm.

VIKTIGE MØTEPLASSAR


For folk som har levd ei stund, så dukkar minner om konserter med kjende grupper som til dømes New Jordal Swingers, Gluntan, Sven Ingvars, Starvalley Swingers, Stein Ingebrigtsen m.m. i fleire av dei større husa. Men desse kulturhusa gav også rom for all slags møteverksem, syklubar, ungdomsklubbar o.a. I det heile var desse kulturhusa sjølve limet i mange mindre bygdesamfunn.

I heile Norge finst til meir enn 5000 slike hus, og stiftinga i Sparebanken Sogn og Fjordane håpar også at andre stiftingar blir gjort merksame på denne kulturressursen som ligg i desse kulturhusa. Mellom anna har fylkeskommunane i Vestland, Møre og Romsdal samt Trøndelag dei siste åra fått på plass støtteordningar for vedlikehald og drift av husa.

GJEV STØTTE

Sparebankstiftinga ser på kulturhusa rundt i landet som ein viktig samfunnsressurs. Mange eigarar gjer ein stor innsats for å ta vare og legg til rette for eit mangfold av kulturaktivitetar i husa. Som igjen er mykje av grunnlaget for det varierte kulturlivet vi har i Sogn og Fjordane i dag. Kulturhusa er framleis viktige møteplassar, og er mykje brukt av alle generasjonar til sosialt samvære og variert aktivitet.

-Støtte til utbetringer og ombyggingar er derfor på sin plass. Dette er kostnadskrevjande og ikkje minst er stor dugnadsinnsats frå eigarane og lokalsamfunn heilt avgjerande for at husa skal bli brukte igjen, seier Ida Søderstrøm om «Huset i bygda».



Huset i Bygda

Bilete:

1. Gåve og samfunnkontakt i stiftinga i Sparebanken Sogn og Fjordane, Yngve Thorsen, saman med Ida Søderstrøm. I 2024 gjev Sparebankstiftinga heile tre millionar kroner til «Huset i bygda».
2. Ikjefjord Grendalag fekk 100 000 i tilskot i 2023 til å renovere taket på grendahuset.

